

Førde kommune v/ Øystein Høyvik

Dykkar ref.

Vår ref.
16/258-8/DGI

Dato
01.02.2017

Namn på ny kommune i Sunnfjord

Språkrådet viser til førespurnaden 13. januar på vegner av kommunane Jølster, Førde, Gaular og Naustdal, som har ein intensjonsavtale om samanslåing til éin kommune. Kommunane ønskjer at Språkrådet vurderer framlegget *Sunnfjord* som namn på den nye kommunen, at vi kjem med innspel til andre aktuelle namn på kommunen, og at vi føreslår aktuelle eksterne språkkonsulentar.

Kommunane som skal slå seg saman, utgjer ein monaleg del av landskapet Sunnfjord. Det er likevel òg ein stor del av Sunnfjord som ikkje er med i planane for ein samanslått kommune. Vårt primære råd er difor å kalla kommunen *Indre Sunnfjord*. Vi drøftar dette nærmare nedanfor.

Allment om namneval ved kommunesamanslåing

Når to eller fleire kommunar slår seg saman, står spørsmålet om namn sentralt. Eit hovudprinsipp i *lov om stadnamn* (stadnamnlova) er «å ta vare på stadnamn som språklege kulturminne» (§ 1). Vi meiner dette prinsippet bør følgjast i høg grad òg ved fastsetjing av namn på samanslåtte kommunar, sjølv om det er openbert at eitt eller fleire eksisterande kommunenamn må vika i ei samanslåing.

Det finst fleire moglegheiter:

- 1 Eitt av dei eksisterande namna kan brukast vidare. Til dømes blei namnet *Ullensvang* valt da Ullensvang og Kinsarvik (og Eidfjord) i Hordaland slo seg saman i 1964. Ofte vil namnet på ein bykommune brukast vidare, som da Tønsberg og Sem i Vestfold slo seg saman i 1988.
- 2 To namn kan brukast vidare. Døme: *Nore* og *Uvdal* i Buskerud, *Aurskog-Høland* i Akershus. Vi rår særleg ifrå bruk av bindestrek i denne typen dobbeltnamn, og meiner generelt det er betre å koma fram til eitt namn.
- 3 Ein nylaga konstruksjon basert på ekisterande namn. Døme: *Holtålen* i Sør-Trøndelag, ved samanslåing av Haltdalen og Ålen. Denne namnelagingsmåten tek eigentleg ikkje vare på noko eksisterande namn, men dannar eit nytt, og vi meiner slike namnelagingar ikkje er ønskjelege (jamfør stadnamnlova § 1).
- 4 Eit eksisterande namn som ikkje er kommunenamn, blir teke i bruk. Døme: *Ringerike* i Buskerud, som blei valt da kommunane Hole, Tyrstrand, Hønefoss, Norderhov og Ådal slo seg saman. (Hole gjekk seinare ut.) Ringerike har tradisjonsom inndelingsnamn, og vi meiner det er god løysing å velja slike namn

når det er høve til det. Ein annan variant er *Vindafjord* i Rogaland, som ikkje har tradisjon som inndelingsnamn, men derimot som eit naturnamn som i utstrekning i høg grad dekkjer dei samanslåtte kommunane.

Vurdering av alternativ ved samanslåing av Jølster, Førde, Gaular og Naustdal

Om ein skulle ha funne eit namn etter namnetype 1 ovanfor for den samanslåtte kommunen, kunne i utgangspunktet kvart av dei fire namna ha vore bruka vidare. Likevel peikar truleg *Førde* seg ut som den beste kandidaten av dei. Dette er den mest folkerike kommunen av dei fire, og namnet blir òg i dag bruka om eit større område i visse samanhengar. Trass i dette kan det vera politiske grunnar til å velja eit namn som i dag ikkje er i bruk om nokon av kommunane.

Som nemnt rår vi generelt ifrå å konstruera heilt nye namn (namnetype 3), og med fire kommunar er det òg heilt uaktuelt å ta med alle namna vidare i eit samansett namn (namnetype 2).

I utgangspunktet er vi positive til at namn som blir bruka om større område, blir tekne i bruk som nye kommunenamn (namnetype 4). Det samsvarar med prinsippet om å ta vare på stadnamn som språklege kulturminne. Det bør likevel vera ein føresetnad at den nye kommunen dekkjer vesentlege delar av det området namnet frå før blir bruka om, og at det nye kommunenamnet såleis ikkje fører til ei stor tydingsendring av namnet. I dette tilfellet er innvendinga mot *Sunnfjord* som namn på dei fire aktuelle kommunane at ein om lag like stor del av det eksisterande *Sunnfjord* ikkje er med i planane om samanslåing. Dimed vil *Sunnfjord* få ei uheldig dobbelttyding. Vi meiner det da vil vera ei god løysing å ha med tillegget *Indre*, altså *Indre Sunnfjord*. Her er namnet *Sunnfjord* med, samstundes som tillegget er dekkjande for den delen av *Sunnfjord* det er tale om. Skulle fleire sunnfjordskommunar seinare slå seg saman med dei fire som no er aktuelle, meiner vi *Sunnfjord* absolutt bør vurderast på nytt.

Oppsummering og vidare kontakt

Vi vil ikkje tilrå å bruka *Sunnfjord* åleine som namn på ein ny kommune samanslått av Jølster, Førde, Gaular og Naustdal. Vi vil oppmoda dei aktuelle kommunane til å vurdera namnet *Indre Sunnfjord*, slik at namnet ikkje kjem i konflikt med *Sunnfjord* som namn på eit større landskap. Etter ei reint namnefagleg vurdering vil òg *Førde* vera eit godt alternativ.

Kommunane er velkomne til å ta ny kontakt med Språkrådet dersom det er aktuelt, òg med tanke på om det er aktuelt å trekkja inn språkkonsulentar.

Vennleg helsing

Åse Wetås
direktør

Daniel Gusfre Ims
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakarar:
Øystein Høyvik